

F
Fornyings-, administrasjons- og
kyrkjededepartementet
Same- og minoritetspolitisk avdeling
Postboks 8004 Dep
L 0030 Oslo J

REF.
10/132

VÅR REF.
NIT-11/535-1

DATO
31.08.2011

Høringsfråsegn til rapportutkast, Noregs femte rapportering til Den europeiske pakten om regions- eller minoritetsspråk

Språkrådet viser til utsende dokument med høringsfrist 1. september. Vi har desse merknadene til rapportutkastet:

Språkrådet står framfor ei utviding av arbeids- og ansvarsområde til òg å omfatte andre språk enn norsk, jf. brev frå Kulturdepartementet 1.7.2011, ”Utviding av arbeids- og ansvarsområdet for Språkrådet til å omfatte andre språk enn norsk”. Det blir i brevet framheva at Språkrådet skal bidra til å verne og styrkje språket til dei nasjonale minoritetane i Noreg, og at dette arbeidet skal skje på premissane til minoritetane. Språkrådet vil saman med Fornyings-, administrasjons- og kyrkjededepartementet og aktuelle organisasjonar definere det ansvaret vi skal ha for språka til nasjonale minoritetar.

Språkrådet ønskjer særleg å kommentere punkt 50.51 i rapportutkastet til den femte periodiske rapporten om oppfølging av Språkpakten: ”Norske myndigheter blir bedt om å framlegge opplysninger om tiltak for kvensk språk, med bakgrunn i Stortingsmeldingen om språkpolitikk, som følges opp av Kulturdepartementet.”

Når det gjeld Språkrådet sitt framtidige arbeid med og ansvar for nasjonale minoritetsspråk, skal kvensk prioriterast. Språkrådet vil vurdere korleis ein kan leggje til rette for ein meir systematisk politikk for å verne og styrkje kvensk språk, jf. punkt 10.3.3.2 i St. meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.*

Vennleg helsing

Arnfinn Muruvik Vonen
Direktør

Nina Teigland
fagkoordinator



POSTADRESSE
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

KONTORADRESSE
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

TELEFON
+47 22 54 19 50
TELEFAKS
+47 22 54 19 51

E-POST
post@sprakradet.no

INTERNETT
www.sprakradet.no
www.sprakradet.no